



Rune Andersen
Alverflaten 82h
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2130 - 23/18981


Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2023

Melding om utført retting av bygningsopplysningar i Matrikkelen - gbnr 137/70 snr 15

Viser til e-post frå deg 6.mars der du ber om forklaring på kvifor det er ført 92 m² BRA (innvendig bruksareal) i matrikkelen for din seksjon.

Eg har sett på saka og finn 2 litt ulike sett med teikningar for dette bygget. Det eine settet – som er godkjente teikningar i byggesaka (2010) viser eit BRA på 89 m² (inkludert 5 m² utebod som skal vera med i leiligheita sitt BRA i matrikkelen).



Den andre teikninga – som er teikningane som er vedlagt seksjonering av eigedommen (2012) viser eit BRA på 86,5 m2 (inkludert 5 m2 utebod). Dette siste arealet samsvarar med det du opplyser 81,5m2 (+5,0 m2).



Her må det ha vore gjort ei feilføring av BRA i matrikkelen, ved registrering ved godkjenning. Eit par andre seksjonar har fått for lite areal.

Eg finn det mest rett å registra areala som kjem fram av godkjente byggeteikningar og registrerer då BRA 89 m2 for din seksjon nr 15.

Feilen er no retta og det vert sendt melding til avdelinga for kommunale avgifter for retting av feilen og korrigerering av kommunale avgifter.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Rune Andersen

Alverflaten 82h

5911 ALVERSUND